

# Musea i Sogn og Fjordane

---

## Styremøte

**Dato:** Tysdag 18.02.2020  
**Tid:** Kl. 12:00  
**Stad:** Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde

Frå styret møtte: Ivar Kvalen, Hanne B. Oftedal, Arild Bergstrøm, Olve Grotle, Jan-Arve Lund og Eva Marie Felde. Kristin Maurstad hadde meldt forfall og hennar personlege vara Hilde Kvamsås Aa møtte for ho.

Frå adm. møtte: Direktør Kjartan Aa Berge (referent)

### SAKLISTE:

01/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste (vedtakssak)  
02/2020: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 09.12.2019 (vedtakssak)  
03/2020: P-sak (unnt. off.)  
04/2020: Årsrekneskap 2019 (vedtakssak)  
05/2020: Årsmelding 2019 (vedtakssak)  
06/2020: Budsjettsøknad 2021 til Kulturdepartementet (vedtakssak)  
07/2020: Budsjettsøknad 2021 til Vestland fylkeskommune (vedtakssak)  
08/2020: Nye vedtekter MiSF (vedtakssak)  
09/2020: Tiltak for utvikling av Norsk Reiselivsmuseum (vedtakssak)  
10/2020: Museumsstatistikken 2018 – tilbakemelding til MiSF (orienteringssak)  
11/2020: Vidareføring av Søknad om statlege investeringsmidlar til museumsbygg - Holvikejekta (orienteringssak)  
12/2020: Orienteringar  
13/2020: Ymse

### SAK 01/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

***Direktøren sitt framlegg til vedtak:***

Innkalling og sakliste vert godkjend.

***Vedtak:***

Innkalling og sakliste vert godkjend.

*Samrøystes*

**SAK 02/2020: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 09.12.2019**

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå styremøte 09.12.2019 vert godkjend.

**Vedtak:**

Protokoll frå styremøte 09.12.2019 vert godkjend.

*Samrøystes*

**Vedlegg:**

*V1 2019 12 09 MØTEBOK - styremøte*

**SAK 03/2020: P-SAK (unnt.off.)**

Styret vedtok å lukke møtet.

**Vedlegg:**

*V2 Vurdering – unnt.off*

**SAK 04/2020: ÅRSREKNESKAP 2019**

**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

**Saksbehandlar:**

Janne Gimmestad

**Saksutgreiing:**

Den samla resultat- og balanserekneskapen med notar og kontantstraum pr. 31.desember 2019 for stiftinga vert med dette lagt fram for styret.

Rekneskapen er bokført etter felles mal og bokføringsprinsipp, både samla og på avdelingsnivå, gjennomgått og godkjent av avdelingsdirektørane.

For ikkje avslutta prosjekt er det avsett inntekter tilsvarande bokførte kostnader, noko som ikkje gjev utslag på det ordinære resultatet. På avslutta prosjekt vil positive/negative avvik mellom faktiske inntekter og faktiske kostnader påverke det ordinære resultatet.

Det samla rekneskapen syner eit årsresultat på kr 5 837 603,-, som er kr 4 990 326 ,- meir enn det budsjetterte resultatet for 2019.

Årsaka til avvika mellom rekneskap og budsjett ligg hovudsakleg i vakansar, endring i pensjonsforpliktinga i perioden, sparing til fullfinansiering i samband med utbetring av antikvariske bygg og ikkje oppstarta arbeid med profilprosess.

Netto finanspostar var kr 508 196,- mot kr 316 141,- året før.

Administrasjonen gjer framlegg om at årets resultat vert ført mot anna eigenkapital.

Utviklinga i sentrale nøkkeltal kan oppsummerast slik:

<b>Nøkkeltal</b>	<b>År 2019</b>	<b>År 2018</b>	<b>År 2017</b>	<b>År 2016</b>	<b>År 2015</b>
Off. driftstilskot	59 162 232	57 847 468	56 070 195	55 336 482	51 585 272
Samla lønnskostnad	35 249 318	35 133 140	33 958 950	34 563 346	32 836 995
Annan driftskostnad	23 224 283	22 632 410	23 462 986	27 760 301	25 447 735
Årsresultat	5 837 603	5 213 070	5 115 797	1 802 144	-169 869
Eigenkapital	20 116 026	14 278 423	9 275 353	20 824 153	19 022 009
Totalkapital	51 874 934	46 468 868	43 084 832	36 304 065	34 793 364

I strategiplanen har styret vedteke tre finansielle måltal; 30% fri eigenkapital, maksimalt 60% andel av samla lønnskostnad i høve til samla driftskostnader og 2% overskot i høve til samla omsetnad. Eigenkapitalprosenten pr. 31. desember 2019 er 39 %, samla lønnskostnad i høve til samla driftskostnader var på 58 % og resultatgrad på 9 %. Alle dei finansielle måltala i strategiplanen er dermed nådd i 2019.

**Vedlegg:**

V3 Årsrekneskap 2019 MiSF

V4 Notar 2019 årsrekneskap

V5 Kontantstraum 2019

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for Musea i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt årsrekneskap og notar for 2019.

**Vedtak:**

Styret for Musea i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt årsrekneskap og notar for 2019.

*Samrøystes*

**SAK 05/2019: ÅRSMELDING 2019**

**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

**Saksbehandlar:**

Janne Gimmestad

**Saksutgreiing:**

Framlagt utkast til styrets årsmelding for 2019 for Musea i Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med Lov om rekneskap § 3-3a «Årsberetningens innhold for foretak som ikke er små foretak». Dette dannar grunnlaget for årsmeldinga si innhald og krav til offentleg årsrapportering.

**Vedlegg:**

Vedlegg 6 Årsmelding 2019

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for Musea i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt årsmelding for 2019.

**Vedtak:**

Styret for Musea i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt årsmelding for 2019.

*Samrøystes*

## SAK 06/2020: BUDSJETTSØKNAD 2021 TIL KULTURDEPARTEMENTET

**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

**Saksbehandlar:**

Janne Gimmestad

**Saksutgreiing:**

Det grunnleggande premisset for budsjettsøknaden 2021 til KUD er arbeidsbudsjettet for 2020. Dette budsjettet vedtok styret 9. desember 2019. Justeringar for nye tiltak som krev varige tilleggsøyvingar i 2020 samt tilhøyrande kostnader, utgjer differansen mellom arbeids- og søknadsbudsjett.

For 2021 planlegg vi å opprettehalde søknaden om to tiltak som krev varig auke i driftsstøtte. Det gjeld samhandling på kryss og tvers og auka fokus og teknisk samlingsforvaltningsressurs. Totalt vil vi søke om ein auke på NOK 1 050 000,- i tilskot. Dette vil dekke kostnader ved fagsamlingar inkl. reise, løn samlingsforvaltar samt generelle driftsutgifter knytt til tiltaka.

**Vedlegg:**

V7 Søknadsbudsjett 2021

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2021.

**Vedtak:**

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2021.

*Samrøystes*

## SAK 07/2020: BUDSJETTSØKNAD 2021 TIL VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

**Saksbehandlar:**

Janne Gimmestad

**Saksutgreiing:**

Det grunnleggande premiss for budsjettsøknaden 2021 til Vestland fylke er arbeidsbudsjettet for 2020. Dette vedtok styret 9. desember 2019. Justeringar for nye tiltak som krev varige tilleggsøyvingar i 2020 samt tilhøyrande kostnader, utgjer differansen mellom arbeids- og søknadsbudsjett (sjå også vedlegg V7).

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2021.

**Vedtak:**

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2021.

*Samrøystes*

## SAK 08/2020: NYE VEDTEKTER FOR MISF

### **Referanse til relevant saksbehandling i styret:**

- Sak 09/2019: Oppseiing av driftsavtale for Anders Svor Museet
- Sak 15/2019: Oppseiing av driftsavtale for Sogn Kunstsenter
- Sak 25/2019: Samanslåing av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sak 26/2019: Revisjon av vedtekter

### **Saksutgreiing:**

Direktøren vil orientere om at det har kome nye moment i saka:

- I tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet for driftsåret 2020 er oppdaterte vedtekter eit av punkta som departementet har framheva.
- Framlegg til nye vedtekter vart etter vedtak i sak 26/2019 sendt på høyring. I samband med dette kom medstiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune med motsegn på at fylkeskommunen berre skulle få å peike ut styreleiar, samstundes som rådet skulle få høve til peike ut eit nytt styremedlem. Dette inneber at dei ikkje ønskte endringar i §§ 4 og 7. Det kom ikkje inn andre motsegner.
- Signal frå Vestland fylke tilseier at dei ikkje vil endre haldning i høve til dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt syn.
- Prosessen med samanslåing av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane går framover, men har teke lenger tid enn venta. Truleg er ikkje prosessen avklara før sommaren 2020. Konsekvensen av samanslåinga ville først og fremst bli reflektert i endring i § 3 om stiftingskapitalen.

Administrasjonen vel å lytte til fylkeskommunen si motsegn, slik at §§ 4 og 7 ikkje blir endra. I tillegg gjer administrasjonen framlegg om at heller ikkje § 3 blir endra no.

Administrasjonen gjer framlegg om at endringane i §§ 6,9 og 11 blir vedteke i samsvar med det som styret godkjente i sak 26/2019.

### **Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for vedtar framlegg til nye vedtekter for stiftinga MISF.

### **Vedtak:**

Styret for vedtar framlegg til nye vedtekter for stiftinga MiSF.

*Samrøystes*

### **Vedlegg:**

*V8 2019 09 02 Høyringsuttale endra vedtekter*

*V9 2020 02 11 Saksutgreiing endra vedtekter*

## SAK 09/2020: TILTAK FOR UTVIKLING AV NORSK REISELIVSMUSEUM

### **Referanse til relevant saksbehandling i styret:**

- Sak 30/2014: Norsk Reiselivsmuseum ut som eiga driftsavdeling
- Sak 33/2016: Norsk Reiselivsmuseum ut som eiga avdeling
- Sak 36/2018: Revidert strategiplan
- Sak 35/2019: Prinsippmodell for organisering av Musea i Sogn og Fjordane
- Sak 41/2019: Oppfølging sak 35/2019
- Sak 46/2019: Budsjett 2020

### **Saksutgreiing:**

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing og vedlegg.

### **Innspel frå styret:**

Administrasjonen oppmodast særskilt til å sjå nærare på opningstider og på opplegg for formidling.

### **Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Norsk Reiselivsmuseum får formell status som avdeling i MiSF.

Styret ber administrasjonen om å setje i verk ein strategiprosess for NMR som skal munne ut i ny strategiplan med tilhøyrande årlege handlingsplanar.

Det er ein føresetnad at strategiplanen til Norsk Reiselivsmuseum har museumsfagleg forankring, og at utkast til avdelingsvis plan sendast ut på ekstern høyring før endeleg godkjenning. Endeleg strategi skal rapporterast til styret seinast i styremøtet 27.oktober 2020.

### **Vedtak:**

Norsk Reiselivsmuseum får formell status som avdeling i MiSF.

Styret ber administrasjonen om å setje i verk ein strategiprosess for NMR som skal munne ut i ny strategiplan med tilhøyrande årlege handlingsplanar.

Det er ein føresetnad at strategiplanen til Norsk Reiselivsmuseum har museumsfagleg forankring, og at utkast til avdelingsvis plan sendast ut på ekstern høyring før endeleg godkjenning. Endeleg strategi skal rapporterast til styret seinast i styremøtet 27.oktober 2020.

*Samrøystes*

### **Vedlegg:**

*V10 Saksutgreiing - tiltak NRM*

*V11 2020 01 13 Notat idemøte NMR*

*V12 Oppdragsbrev til Statsbygg november 2010*

## SAK 10/2020: MUSEUMSSTATISTIKKEN 2018

### **Saksutgreiing:**

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing.

### **Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for har merka seg Kulturrådet sine merknader om manglar knytt til MiSF sitt planverk og ber administrasjonen om å legge fram framdriftsplan for korleis manglane kan rettast opp.

Planen skal saman med statusrapport for arbeidet leggst fram for styret til orientering i styremøtet 29.april.

**Vedtak:**

Styret for har merka seg Kulturrådet sine merknader om manglar knytt til MiSF sitt planverk og ber administrasjonen om å legge fram framdriftsplan for korleis manglane kan rettast opp. Planen skal saman med statusrapport for arbeidet leggst fram for styret til orientering i styremøtet 29.april.

*Samrøystes*

**Vedlegg:**

*V 13 Saksutgreiing – Museumsstatistikken 2018*

*V 14 2020 01 06 NKR vurdering MiSF*

**SAK 11/2019: VIDAREFØRING AV SØKNAD OM STATLEGE INVESTERINGSMIDLAR TIL MUSEUMSBYGG – HOLVIKEJEKTA**

**Referanse til relevant saksbehandling i og informasjon til styret:**

Sak 06/2017: Budsjettsøknad 2018 til Norsk Kulturråd

Sak 37/2018: Prioritering av investeringar

Sak 07/2019: Søknad om statlege investeringsmidlar til museumsbygg - Holvikejekta

Gloppen kommune: Søknad på statlege investeringstilskot til bevarings- og formidlingsbygg til Holvikejekta (1.mars 2017)

**Saksutgreiing:**

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing som konkluderer med å vidareføre innsendt søknad om statlege investeringsmidlar til nytt vernebygg for Holvikejekta.

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringa vert tatt til vitande.

**Vedtak:**

Orienteringa vert tatt til vitande.

*Samrøystes*

**Vedlegg:**

*V15 Saksutgreiing – Fornya søknad Holvikejekta*

*V16 2020 01 13 NKR vurdering søknad Holvikjekta*

**SAK 12/2019: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

• **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 31.10.2019</u>	<u>pr. 31.12.2019</u>	<u>Endring</u>
Eigenmelding	0,96%	1,03%	(0,07%)
Sjukemelding < 16 dg	0,45%	0,60%	(0,15%)
Sjukemelding > 16 dg	3,07%	3,29%	(0,22%)
<b>Totalfråvær</b>	<b>4,49%</b>	<b>4,92%</b>	<b>(0,43%)</b>

- **Besøksstatistikk 2019**

Direktøren gav supplerende informasjon av om status i møte.

**Vedlegg:**

V17 Årsoversikt besøkstal 2019

V18 Historiske besøkstal 2012- 2019

- **Tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet**

**Vedlegg:**

V19 Tilskotsbrev 2020 MiSF

- **Status organisasjonsprosessen – fase 2**

**Vedlegg:**

V20 Faktaark OUP

- **Status fellesmagasinet i Angedalen**

Direktøren gav supplerende informasjon av om status i møte.

- **Status Ombygging Sunnfjord Museum**

Direktøren refererte til vedtaket frå 10.april 2019 (sak 19/2019) der styret vedtok å løyve inntil 3 mill. kr til arbeidstilsynssaka og inntil 1 mill. kr til skisseprosjekt for nybygg ved Sunnfjord Museum. Prosessen med å lukke arbeidstilsynssaka er i godt i gang, men det har synt seg at arbeidet tek lenger tid enn venta. I samråd med dei tilsette på avdelinga vil ombygginga knytt til arbeidstilsynssaka bli gjennomført haust 2020 og vinter 2021. Dette har medført at arbeidet med skisseprosjektet er blitt forseinka.

- **Status Kunstfagleg råd**

**Vedlegg:**

V21 KR 03-20 KFR – rapport 2019

- **Status Sogn kunstsenter**

**Vedlegg:**

V22 2020 01 15 Møtereferat LK og MiSF

- **Status Måløyraidsenteret**

Direktøren gav supplerende informasjon av om status i møte.

- **Status Singerheimen**

Direktøren gav supplerende informasjon av om status i møte.

**Direktøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringane vert tatt til vitande.

**Vedtak:**

Orienteringa vert tatt til vitande.

Samrøystes



**SAK 13/2019: YMSE**

- **Visningsenter Astrup**

Olve Grotle orienterte kort om at Sunnfjord kommune planlegg eit større prosjekt knytt til besøksenter for Nikolai Astrup, og at det var venta at MiSF vil bli involvert på eit tidspunkt.

---

Ivar Kvalen  
Styreleiar

---

Hanne B Oftedal  
Styremedlem

---

Olve Grotle  
Styremedlem

---

Arild Bergstrøm  
Styremedlem

---

Jan-Arve Lund  
Styremedlem

---

Eva Marie Felde  
Styremedlem

---

Hilde Kvamsås Aa  
Varamedlem